

RETNINGSLINER FOR NATTEVANDRARANE PÅ NORDFJORDEID



Kvifor skal vi ha nattevandrarar i Nordfjordeid sentrum?

- For å skape eit godt ungdomsmiljø i sentrum, ved at edru vaksne er tilstade. Sentrum vil såleis verte ein tryggare stad å ferdast.
- For å førebyggje og dempe rus-, valds- og skadeverkproblem.
- For å gje ungdom høve til vaksenkontakt om dei ønskjer eller treng det.
- For at vaksne skal lære ungdomsmiljøet å kjenne. Nattevandrarane skal vere med på å skape eit godt miljø på tvers av generasjonane.

Oppgåvene til nattevandrarane:

- Nattvandrarane skal vere tilstade i sentrum i organisert gruppe. Eit vaktlag skal normalt ikkje dele seg i mindre grupper.
- Nattvandrarane skal ferdast der ungdom oppheld seg i sentrum.
- Nattvandrarane skal vere opne for kontakt med ungdom.
- Nattvandrarane skal lytte til, hjelpe, trøste og konstruktivt rettleie ungdom som tek kontakt. Dersom nattvandrarane observerer rusa ungdom under 18 år, bør foreldre kontaktast. Ungdomen skal orienterast om at dette blir gjort.
- Ta kontakt med politiet dersom du opplever trugande eller problematiske situasjonar, eller er vitne til kriminelle handlingar.

Teieplikt:

Alle nattvandrarane har moralsk teieplikt. Dette er eit ansvar ein må vere svært bevisste på. Som nattvandrer kan du observere eller få informasjon om private forhold som er av konfidensiell art. **Slike opplysningar skal ikkje først vidare!**
Unntak: - kriminelle handlingar skal meldast til politiet.

Heile gruppa må syte føre at:

- Nøkkel vert funnen, og lagt på plass att etter vakt.
- **Det vert** rydda, vaktvestar lagt på anvist plass, koppar og krus vert sett i oppvaskmaskina og de forlet lokalet om lag som de fann det.
- Vaktleiar treng ikkje lenger ring politiet ved vaktstart. Politiet veit når der er nattevandrarar ute og har fått liste med telefonnr.
- At lokala er låste når de er ute og går!

Melde avbod:

- dersom du ikkje kan ta den vakta du har valt, så kan du melde avbod. Du kan også prøve å få ein annan vaksen over 18 år til å gå i din stad. Denne personen må i så fall skrive både namn og telefonnr. på rapportskjema.

Praktiske ting

- De møter ved inngangen til KRINGLA – Eid Frivilligsentral -når vakta skal starte.
- Nattvandrane skal bere kvite nattvandrevestar medan dei går vakt.
- Stader det kan vere lurt å gå innom; Jektehola/Plassen, Eidsgata, Eid Ungdomsskule/Vidaregåande, Lunden, Busstasjonen/Maurstadparken, Osvikja, Kyrkjeparken/Sagaparken, den gamle campingplassen ved Magnifikk, på sjøsida av Amfi.
- Vaktleiar er ansvarleg for at det vert fylt ut eit rapportskjema frå vaktlaget.
- Kaffipause etter ca. ein og ein halv time.

Matpause/Kaffipause:

- Matpause må ein ha, ta med nistepakke. Kaffi og te kan de lage på kjøkenet, kaffi, te og kjeks finn de i hylla oppe til venstre på kjøkenet. Sjå til at kaffitrakter og vannkokar vert avslegen og kontakt tatt ut, og at kjøkkenet er rydda før de forlet lokalet.

Hugs varme kle!

- Det er viktig at de er kledde etter veret. Det er spesielt viktig med varmt fottøy.

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Politi	112	Vakttelefon	02800
Ambulanse	113		
Brann	110		

ALLE OVER 18 ÅR KAN MELDE SEG SOM NATTVANDRERAR. KJENNER DU NOKON SOM KAN VERE MED? KONTAKT FRIVILLIGSENTRALEN; TLF. 41 46 00 42.

arr. FAU Eid ungdomsskule, Røde Kors - Eid, Nattcafeen på kyrkjetunet, Nordfjordeid Senter, Lensmannen i Stad, Stad kommune v/barneverntenesta, Eid Frivilligsentral

